

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015**

**Siri Klokkestuen** sette på vegner av A, Sp, SV, Krf, Frp, V og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Ein ber fylkeskommunen vurdere Skånevik ferjekai i denne saka."

**Tom-Christer Nilsen** sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Sak om dette legges frem for fylkeskommunale politiske organ."

### **Røysting**

Klokkestuen sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av forslagsstillarane.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner at det vert sett i gong ein prosess med sikte på å ta over eigarskap og drift/vedlikehald av dei kommunale ferjekaiane som vert nytta i fylkesferjesambanda. Prosessen må avklara på kva vilkår slik overdraging kan finna stad, og dei økonomiske fylgjene av det.

Sak om dette legges frem for fylkeskommunale politiske organ.